

Tilbod til alle om vaksinerings mot ny influensa A(H1N1), også kalla svineinfluensa

Heile befolkninga får no tilbod om vaksine mot ny influensa A(H1N1), også kalla svineinfluensa. I første fase var vaksinen berre tiltenkt helsepersonell og personar med særleg risiko for komplikasjonar. No går tilbodet ut til resten av befolkninga. Kommunane organiserer vaksinasjonen, og vil informere publikum lokalt.

Vaksinen Pandemrix er godkjent av europeiske og norske lækjemiddelstyresmakter. I dette informasjonsbrevet finn du svar på nokre sentrale spørsmål om vaksinen, kven som får tilbod om vaksine først og kvifor vaksinasjon blir anbefalt.

Du finn meir informasjon om ny influensa A(H1N1) på helsestyresmaktene sin nettstad www.pandemi.no. For generelle spørsmål kan du også ringje helsestyresmaktene sin pandemiinformasjon 815 55 015.

Kvifor anbefaler styresmaktene at alle vaksinerer seg mot ny influensa A(H1N1)?

Vaksinasjon er det beste vernet mot ny influensa A(H1N1), også kalla svineinfluensa. For dei fleste vil influensaen vere mild, men nokon blir alvorleg sjuke. Erfaring viser at omlag ein tredel av dei som har vorte alvorleg sjuke i Noreg og i andre land, ikkje har hatt kjent risiko for alvorleg sjukdom. Helsestyresmaktene anbefaler derfor at alle over 6 månader blir vaksinert. Unnateke er friske gravide dei første 12 vekene av svangerskapet (1. trimester).

Ved at du er vaksinert, medverkar du i tillegg til at familiemedlemer og andre nærkontaktar unngår smitte. All vaksinasjon i Noreg er frivillig.

Vaksinasjonsrekkefølge

Som eit overordna prinsipp skal dei yngste prioriterast ved vaksinerings. Dersom ein kommune har lite vaksine tilgjengeleg i høve til etterspurnaden når allmenn vaksinasjon startar, blir det anbefalt at følgjande grupper blir vaksinert først:

1. Husstandsmedlemer/nærkontaktar til:
 - personar i risikogrupperne som ikkje er anbefalt å ta vaksine
 - spedbarn under 6 månader
 - gravide i første 12 veker av svangerskapet
2. Personar som har tett kontakt med svinebesetningar

Dersom ein allereie har vore sjuk med influensa, treng ein då å vaksinere seg?

Gjennomgått influensa gjev vanlegvis vern mot å få same influensa på nytt. For personar som ikkje veit sikkert om dei har vore sjuke med det nye influensaviruset, er det sikrast å ta vaksinen. Personar som har fått bekrefta med laboratorieprøve at dei har hatt influensa A(H1N1), treng ikkje å ta vaksinen. Det er ikkje skadeleg å ta vaksinen sjølv om ein allereie har hatt den nye influensaen.

Korleis er pandemivaksinen framstilt?

Pandemrix er framstilt på tradisjonell måte, ved virusdyrking på egg. Vaksinen er basert på delar av det nye influensaviruset A(H1N1), og inneheld ikkje levande virus. Han kan derfor ikkje gje influensasjukdom

Er vaksinen trygg?

Pandemrix er godkjent i heile Europa, også av norske lækjemiddelstyresmakter. Slik godkjenning byggjer på ei grundig vurdering av effekten og tryggleiken til vaksinen.

Alle lækjemiddel kan gje biverknader. Pandemrix kan gje noko kraftigare reaksjon med smerter, ømheit og hevelse på injeksjonsstaden, enn vanleg vaksine mot sesonginfluensa. Andre vanlege biverknader som hovudpine, trøttleik og feber, opptrer også noko hyppigare.

Sidan vaksinen er dyrka på egg, må det utvisast varsemd hos personar med alvorleg eggallergi.

Eventuelle sjeldne biverknader kan berre bli oppdaga ved alminneleg bruk av vaksinen i store befolkningsgrupper, og eit omfattande system for å fange opp dette er etablert nasjonalt og internasjonalt.

Inneheld vaksinen tilsetjingsstoff?

Fordi

vaksinen blir levert i glas med fleire dosar, inneheld den konserveringsmiddelet tiomersal, ei kvikksølvbinding som har bakteriedrepende effekt. Dette er naudsynt for å hindre bakterievekst i glaset etter at det er opna. Det er gjort grundige studiar i store befolkningsgrupper av tiomersal som vaksinetilsetjing. Desse undersøkingane har ikkje gjeve haldepunkt for at bruk av tiomersal i vaksiner medfører helseskade.

Vaksinen inneheld også ei oljeblanding som blant anna er samansett av skvalen (naturleg olje som fins i alle planter og dyr) og vitamin E. Denne oljeblandinga blir tilsett for å forsterke kroppen

sitt immunsvaer på vaksinen.

Treng eg både vaksine mot vanleg sesonginfluensa og ny influensa A(H1N1)?

Pandemivaksinen og vaksinen mot sesonginfluensa vernar mot ulike virus. Nokon vil derfor bli anbefalt å ta begge vaksinane. Desse vaksinane kan setjast samstundes, i kvar sin arm.

Kva kostar det å vaksinere seg?

Prisen på å få sett vaksinen vil variere frå kommune til kommune. Eigenbetalinga inngår ikkje i frikortordninga (blåreseptordninga og eigendelstak 1). Dette gjeld både barn og vaksne. Eigenbetalinga inngår ikkje i frikortordninga (blåreseptordninga og eigendelstak 1).

Korleis går vaksinasjonen føre seg?

Vaksinen blir gitt med sprøyte i overarmen. På små barn blir vaksinen sett i låret. Det blir anbefalt to dosar til barn under 10 år (både i risikogrupper og andre) og til personar med svekka immunforsvar. Det skal gå minst tre veker mellom dei to vaksinedosane. Andre personar over 10 år blir i første omgang anbefalt ei dose. Det vil seinare blir vurdert om det er behov for endå ein vaksinedose til fleire grupper.

Ta med fødselsnummeret ditt (11 siffer) når du skal vaksinerast. Du må vente i ca. 20 minutt etter at vaksinen er sett for å vere sikker på at det ikkje oppstår ein allergisk reaksjon.

Som ved all annan vaksinasjon er også vaksine mot den nye influensaen frivillig, og foreldre/føresette skal godkjenne vaksinasjon av barn under 16 år. Barn over 12 år har rett til å seie meinga si, og foreldre/føresette skal leggje vekt på kva barnet sjølv meiner.